

Einar Fanebust
Bispeluelia 9 A
1286 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/384 - 21/3210

Saksbehandlar:
Tommy Veland
tommy.veland@alver.kommune.no

Dato:
15.01.2021

Grenser mellom gbnr 106/2 og 106/9 Fanebust

Viser til Dykkar brev 14. 01.2021 om grenser i kartet.

Eldre grense (før ca. 1980) kan ha svært varierande nøyaktighet. Slike grenser er som hovudregel ikke innmålt og koordinatfesta. I marka er slike grenser gjerne merka med kors i fjell, røys, kamstål mv.

Når me gjekk frå analoge kart (papir) som vart kalla økonomisk kartverk med målestokk 1:5000 til digitale kart, vart grenselinjene teikna inn i kartet, og dermed vart kvaliteten deretter. Kartverket gjorde jobben, men kommunen er ansvarleg for matrikkelen.

Me veit at det er mykje feil i grenselinjene, men i dei tilfella det er utskifting eller skylddelte eigedomar, er det alltid merka i terrenget som bestemmer, ikkje strekane i kartet.

Har det vore innmåling, som mellom G.nr. 106 B.nr.2 og B.nr.27, er det samsvar mellom kart og terrenget.

Klargjering av grenser der kommunen går opp grensene på nytt er gebyrbelagt og må søkjast om. Då vert alle tilgrensande naboar innkalla og ein går opp grensene i lag. Ved semje om grenseforløpet vert eigedomsgrensa merka, målt og nøyaktig kartfesta.

Meir om dette kan ein finna på heimesidene til kommunen [Her](#)

Link til kartløysing i Alver kommune: <https://www.nordhordlandskart.no/alver>

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Einar Fanebust

Bispeluelia 9 A

1286

OSLO